

## **Folkemøte om bygging av forsterka omsorgsbustadar i Tokke 23.03.23**

Det møtte fram 32 innbyggjarar.

Frå HSU møtte Ellen Ofte Jacobsen leiar HSU, Sverre Bakke nesteleiar HSU, Tor Øystein Gravdal, Anne Iren Anundskås.

Frå administrasjonen møtte Finn Arne Askje, kommunedirektør, Lars Håvard Eriksen, kommuneoverlege, Knut Erik Paulsen, konstituert leiar Samfunnsetaten og arealplanleggar, Evy Katrin Aamlid, avdelingsleiar helse og Ann Wraa, kommunalsjef helse og omsorg.

---

Velkomen og innleiing v/ kommunedirektør Finn Arne Askje

Presentasjon v/kommunalsjef Ann Wraa- sjå presentasjon.

### **Innspel/ spørsmål:**

- Må bustadane ligge samla? Treng ikkje liggje samla.
- Som innbyggjar på Buøy er det store kjensler. Det vert bustadar som toler ein støy. Kan vere personar med utagerande åtferd, psykotiske, voldelege,- og personar med psykiske utfordringar og rusproblem. Ynskjer at slike bustadar vert lagt utanfor bustadfelt. Kan risikere å bli buande i eit belasta miljø. Ynskjer å vere trygg der ein bur. Håpar ein kan sjå på andre løysingar. Har pasientar/brukarar blitt høyrde?
- Lang responstid på politi er ei utfordring i distriktet. Det må takas med i vurderinga.
- Formidling av informasjon frå pasientar/brukarar: Viktig for dei å bu sentrumsnært, men ikkje nødvendigvis i eit bustadfelt og tett på folk.
- Blir arbeidd med ny reguleringsplan. Har sett på tomter på 4 ulike områder. Har det blitt tenkt på aktuelle andre områder ved ny reguleringsplan? Har ikkje kome så langt i den prosessen, men det er ikkje så mange fleire områder som vil vere aktuelle.
- Buøy vert også nytta til mykje turisme og campingplass særskilt på sommaren.
- Nabo per i dag- ikkje redd. Opplevde at ting vart tatt, men fekk det tilbake. Er opptatt av verdigheit for brukarane. I eit miljø med mange naboar er det lite verdig, kan gjere rare ting som vekker merksemd.

Meiner disse pasientane burde bu skjerma på ein institusjon, ha organiserte aktivitetar.

- Kommuneoverlege: Valdsrisiko er auka i rusmiljøa. Dette gjeld pasientar som har tenester frå helse og omsorg, og dei vert vurdert for valdsrisiko. Kor mykje innsyn skal det vere? Kor mykje skal brukarane skjermast?
- Kan BABU bli gjort om til slike bustadar? Kva med den nye tomta ved parkeringsplassen helsesenteret (Byklum)?  
Kunne ein funne tomt ved gamla brannstosjonen på Haugsevje ? Denne plassen eig ikkje kommunen, men kan ein sjå på det?
- Tomtene på Buøy har aldri vore framsnakka av kommunen før. Trur ikkje nokon ynskjer å ha disse bustadane som nabo.
- Fagleiar psykisk helse og rus: Viktig som hjelper å vere tett på. Det kan føre til fleire farar til lenger bort frå sentrum dei bur. Kommunen må vere førebudd på å ta i mot disse personane. Dei fortener verdigheit og god oppfølging. Det er dei færraste som er farlige, men det kan vere ubehag rundt dei. Viktig med tett oppfølging av hjelpeapparatet. Det er ikkje alle som ynskjer å bu på institusjon. Dei skal kunne vere ein del av samfunnet i Tokke. Nærleik til sentrum er viktig. Ein gir eit tilbod, men alle kan takke nei til hjelp.
- Når det gjeld nærleik til psykiske- og rustenester så er det ikkje tilgang på den hjelpa på kveld, helg og høgtider. Burde kommunen vurdere behovet av hjelp andre tider på døgnet?
- Dette temaet har ikkje blitt diskutert ope med innbyggjarane før, så det er viktig å ta den prosessen som trengs. Alt for lite vurderingar rundt kvar disse bustadane skal byggjast. Andre kommunar har lagt slike bustadar utanfor bustadfelt.
- HSU: budsjetthandsaminga har kommunestyret forskuva investeringa til forsterka omsorgsbustad fleire år på rad. Kommunestyret bad administrasjonen å leggje fram sak til handsaming i 2023, dermed blei berre ferdig regulerte tomter vurdert. Viss ein skulle finne området på Dalen som er betre egna, bør prosessen starta på nytt.
- Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram ein bustadpolitisk handlingsplan. Ein vel å avvente reguleringsplanen, før ein vurderar spørsmålet om lokalisering av forsterka omsorgsbustad på nytt.
- Kan det vera aktuelt å byggje gangbru frå område ved Haugsevje, området ved Haugsevje og over til andre sida av elva, for å gjere avstanden til helse- og omsorgstenestane kortare.

- Dalen sentrum har nærleik til helse- og omsorgstenestane. Bekymra for å busette for mange samla av brukargruppa. Tenkjer at fleire i brukargruppa ynskjer å bu litt skjerma. Ser fram til at saka kjem opp på nytt att, men ein har behovet no, så det bør ikkje dra ut i for lang tid.
- Plassering er ei side av problemstillinga, mens ein også må vurdere bemanning.
- Heimetenesta møter pasientar på kveld, natt og helg. Viktig at dei tilsette har gode arbeidforhold.
- Viktig å sjå på bemanning, men det er på same tid viktig at ta in over seg at denne typen av pasientar har samtykke og kan takke nei til behandling.
- Kan ein vurdere eit interkommunalt samarbeid i psykisk helse på kveld, natt, høgtid og helg?
- Mange småepisodar der ein som innbyggjar lurar på om ein skal hjelpe eller ikkje og evt. på kva måte ein kan hjelpe?
- Tykkjer det er ei stor utfordring å ta ei avgjerd på dette, komplisert sak med mange sider.
- HSU: Viktig å høyre på innbyggjarane og pasientar/brukarar, og bruke den tida som trengs til å finne den/dei beste løysingane?
- Kommuneoverlege: Til spørsmålet om namnet «forsterka omsorgsbustad». Ikkje nokon reglar for kva ein skal kalle ein slik bustad-ikkje godt definert. Heilt sentralt er behovet for bustad til pasientar som får rusbehandling. Viktig med lett tilgang på helsetenester. Bustad er ein anbefaling, norm for behandling, men ikkje lovpålagt.

Ref. Evy Katrin Aamlid, avdelingsleiar helseavdelinga